Nr. 66

Februar 2025

**INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE**

# BYGLANDSNYTT

**Med hjarta i Bygland**



## SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

## FRILUFTSLIVETS ÅR 2025 - ÅRSPLAN FOR BYGLAND OG AKTIVITET I FEBRUAR

LES MEIR - S. 9-11

Bygland Frivilligsentral og BUA Bygland fortsetter Friluftslivets År og inviterer byglendingar til ein gratis skidag på Brokke, tysdag i vinterferien **18. februar**

## KLARER INNBYGGJARANE I BYGLAND Å GÅ JORDA RUNDT PÅ 100 DAGAR?

LES MEIR - S. 7

Bygland kommune spanderer aktivitetskampanje på alle innbyggjarane, og målet er at vi saman skal "gå" jorda rundt. Appen DYTT skal hjelpe oss med teljinga av aktivitetspoeng, slik me når målet.



**Merketider februar 2025:**

- **Rv.9 ved Neset:** Frå måndag 3. februar vil vegen bli stengd to gonger pr. dag frå måndag til torsdag. Dette gjeld i tidsromma kl. 13:00 - 13:45 og kl. 22:30 - 23:15. (sjå s. XX)
- **Folkebiblioteket i Bygland:** stengt i veke 6 grunna skifte i biblioteks system og veke 8 (ferien)
- **Oppvekst**: **Vinterferie** i veke 8 (17.-23.02.) - Hugs at **familiebading** held stengt i feriene.

ORDFØRAREN SI SIDE

# HELSING FRÅ ORDFØRAREN


ORDFØRAREN I BYGLAND, RUNAR GRANHEIM

**Kjære alle saman!**

2025 er Friluftslivets år og blir markert gjennom heile året. I vinterferien er det til dømes ein gratis BUA-dag i Brokke Alpinsenter for born og unge. Utover vinteren skipast det til akedag, utekino, tur til flyvraket, tur til Utsikten og mykje meir. Å vere ute og i aktivitet er godt for både det eine og det andre, og særleg om ein gjer det saman med nokon, tenker eg.

Elles er det mykje spanande i det politiske framover, der både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel skal handsamast. Det er mykje engasjement og drivkraft i grendelaga i kommunen, noko eg mellom anna fekk oppleve på Ose, der tett på 80 menneske samla seg for å høyre om Ose Turistheim. Gjennom møter, samtalar og samarbeid får vi til mykje meir enn kvar for oss, det er sikkert.

Eit aktuelt tema som er vanskeleg er dette med fornybarkraft og vindkraft. Det er sterke kjensler i den saka, ikkje berre i Bygland men over alt i landet vårt. Det Arbeiderpartiet og Senterpartiet i Bygland er einige om er at vi ynskjer eit solid kunnskapsgrunnlag av kva vindkraft kan bety for Bygland, korleis ei utgreiing skal og bør gjerast, kva slags naturinngrep det er tale, og vidare konkret kva det kan bety økonomisk. Elles er vi einige om at det ikkje skal etablerast noko vindkraftanlegg i denne perioden.

Saka om klima, natur, energibehov, evig vekst eller tvert om nedvekst er svært heite saker i heile Norge. Eg synest slett ikkje det er lett å navigere i debattklimaet om desse tinga. Kva er sant og kva er ikkje? Eg er for at kommunestyret og politikarane må få høve til å få vite så mykje som mogleg om dette tema, og samstundes respektere at det finnast ulike syn på saker som dette, som i veldig mange saker elles.

Respekt for ulike meininger er ein grunnpilar i eit kvart demokrati, og ein verdi vi må verne om også hjå oss.

Elles vil eg igjen takke alle dei frivillige som står på gjennom heile året for å skipe til møteplassar og aktiviteter for folk i alle aldre og i alle grendelaga våre. Det betyr mykje og er avgjerande for at Bygland kommune er ein god plass å bu i.

Mvh

**Runar Granheim, ordførar i Bygland**



# OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

## BYGLAND KOMMUNEHUS

- **Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00**
- **NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00**
- **NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00**

## EVJE OG BYGLAND LEGESENTER

**Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117**
**telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00**

- **BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND**
  **tysdag, torsdag og fredag kl. 08.00 - 15.00**
- **EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE**
  **måndag - fredag kl. 08.00 - 15.00**

## EVJE TANNLEGEKLINIKK

**Tilbod om tannbehandling for du på Evje tannklinikk.**
**Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95**
**Nils Heglands veg 40, 4735 Evje** (2. etasje til venstre)

## FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND

**Hovedbibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025**
**Biblioteksvakt på Bygland (onsdagar): Ann Cecilie Attestog**

**Folkebiblioteket held stengt i veke 6 (omstilling til ny datasystem) og veke 8 (vinterferie)**

**BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND**



- **måndagar kl. 10.00 - 12.30**
- **onsdagar kl. 10.00 - 13.00**
- **torsdagar kl. 15.00 - 18.00**

**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDS-FJORD**



- **måndagar kl. 17.00 - 19.00**
- **tysdagar kl. 9.00 -12.00**

# NYE KOLLEGAER I BYGLAND KOMMUNE

**Økonomi og administrasjon**

Stabseininga Økonomi og administrasjon skal få to nye kollegaer i februar. Du finn ØkAdmin på kommunehuset på Bygland.



- **Siren Wennerberg** er vår nye KOMTEK-konsulent. Ho er ansvarleg for kommunale avgifter.
- **Oleh Moskalov** er vår nye assistent for sosiale medier. Han assisterer Susanne.

**Velkomen, Siren og Oleh!**

# POLITISKE MØTE - FEBRUAR 2025

**Plan-, miljø- og ressursutvalet**: 11.02. kl. 09.00

**Styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel**: 11.02. kl. 09.00

**Levekårsutvalet**: 12.02. kl. 09.00

**Formannskapsmøte**: 12.02. kl. 12.00

**Kommunestyremøte**: 20.02. kl. 09.00

**Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte**

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Som eit ledd i dette, blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår.

# REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 66

**REDAKSJON**

- Ansvarleg redaktør: Aslak Jørundland Brekke
- Redaktør: Susanne Hegenscheidt

**BILETE**

- Framside: Ved brygga på Bygland/S. Hegenscheidt
- Redaksjonsnotat: Iskunst i vegkanten/S. Hegenscheidt
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, pixabay.com, S. Hegenscheidt, Gyro Heia, Olav Grendstad, Nina Bygland
- Kva skjer: Setesdal Austheia / Bygland kommune



**Byglandsnytt mars 2025: 03.03.2025, skrivefrist 27.02.**

Send tipps til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

# RÅDET FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA

**Utlevering av strøsand / henting av strøsand**
Treng du strøsand?



Bygland Frivilligsentral i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma tilbyr strøsand ferdig fordelt i bøtter.
Dersom du har behov for dette og har tenester i frå Open omsorg, kan du be dei ta med ei bøtte til deg.
Dersom du ikkje har tenester i frå Open omsorg, men ønskjer strøsand kan du hente på Frivilligsentralen på Bygland eller på Pakkbua på Byglandsfjord.

Lurer du på noko, ta gjerne kontakt på tlf: 94510770.

# ANNAN OFFENTLEG INFORMASJON

## MOBIL PASSSTASJON

**Passbilen kjem til Bygland, Evje og Hornnes politistasjon den 07./08.05. og til Valle og Bykle politistasjon den 05./06.05.**




Bestill time på nett,
på **www.politiet.no,**
velg "Søke pass og ID-kort".
Om det er brukarar som ønskjer hjelp med dette kan dei komme innom
ein av politistasjonane, eller ringe oss.

- **Valle og Bykle Politistasjon**, Kjellebergsveien 12, 4747 Valle, tlf. 38 13 68 50:

05. mai, kl. 12.30 – 15.00 og 06. mai, kl. 08.15 – 15.00

- **Bygland, Evje og Hornnes politistasjon**, Verksvegen 4, 4735 Evje, tlf. 38 13 68 30:

07. mai, kl. 08.00 – 16.00 og 08. mai, kl. 08.00 – 16.00

## AGDER FYLKEKOMMUNE

**Tilskotsorningar med frist 10.02.**



# NYTT FRÅ EININGANE

## SAMFUNN

### Statens vegvesen melder om stengt Rv.9 ved Neset inntil to gonger dagleg



Frå og med måndag 27. januar vil Rv. 9 ved Neset i Bygland kommune bli stengd på bestemte tidspunkt inntil to gonger om dagen. Årsaka er sprengingsarbeid.

Frå måndag 3. februar vil vegen bli stengd to gonger pr. dag frå måndag til torsdag. Dette gjeld i tidsromma kl. 13:00 - 13:45 og kl. 22:30 - 23:15.
Desse stengingane vil vare i 4 veker.
Les meir på Statens vegvesen sine nettsider: vegvesen.no/vegprosjekter/

### Fellingsresultat på skutt elg og hjort



Fellingsresultat på skutt elg og hjort er nå klart i hjorteviltregisteret.

Her kan de finne resultat for sette og felte dyr i år og tilbake i tid ved å gå inn på fana for statistikk og søke opp kommune, vald og jaktfelt.

I 2024 vart det felt 75 elg i Bygland kommune som er ein nedgang i frå 2023 då det vart felt 82 elg. Felt hjort har auka frå 29 dyr i 2023 til 36 dyr i 2024.

Her finn du hjortevilregisteret: hjorteviltregisteret.no

## PLEIE OG OMSORG

### Februar program på Byglandsheimen



- onsdag 5/2: Open dag - **AVLYST GRUNNA SJUKDOM**
- torsdag 6/2 kl. 14.00: Besøksvenn
- tysdag 11/2 kl. 14.00: Andakt med Kjell
- onsdag 12/2 kl. 14.00: Ppen dag starter kl 14.00 med Oddvar Høgevoll og avsluttes av Haraldsguttene (en gjeng med glade mannfolk i sin foreløpig beste alder. Gjengen liker ikke å kalle seg mannskor, da dei synes det høres litt gammelmodig ut, så dei kaller seg heller eit boyband. Riktignok eit av dei eldste i Norge, men dog.) kl. 16.30. Open dag blir frå 14.00-17.15 onsdag 12/2.
- torsdag 13/2 kl. 17.00: KVS valgfag diakonalt arbeid kjem og underholder
- mandag 17/2: Fotpleier på Byglandsheimen, ring 90225503 for timebooking
- tysdag 25/2 kl 14.00: Andakt med Tove

# LEVEKÅR




## DYTT-Appen - Klarer innbyggjarane i Bygland å gå jorda rundt på 100 dagar?

Bygland kommune spanderer aktivitetskampanje på alle innbyggjarane, og målet er at vi saman skal "gå" jorda rundt.

Vi treng alle ein liten dytt for å ta gode helsemessige val i kvardagen, og kanskje ei lita ekstra treningsøkt. Litt meir aktivitet og sosialt fellesskap i kvardagen gjer oss gladare, friskare og gir meir energi. Alt som krevst for å fullføre er 10 000 skritt om dagen, eller 1 million skritt på 100 dagar! Vi oppfordrar dykk til å danne familie- eller venelag, og kanskje ha ein liten intern konkurranse. På Dytt-appen kan ein følgje med på korleis det går, og det vil også bli oppdateringar på kor langt vi har kome på heimesida.

Det er ikkje berre skritt som tel. Du kan reikne om mykje anna aktivitet til skritt, i tillegg får de bonuspoeng for å sove nok, ete sunt, ta ein telefon til ein du ikkje har treft på lenge, litt hopp og sprett på kontoret, invitere nokon på kaffi o.l. I appen ligg ei liste med mange ulike bonusoppdrag (under knappen Aktivitetar). Her kan de og reikne om aktivitet til skritt.

Alt du treng å gjere for å bli med er å laste ned Dytt appen på mobilen og opprette brukarkonto. **Startkode: Bygland2025**. Du kan og bruke PC og legge inn skritt og aktivitetar manuelt; **www.dytt.no/bygland**.

Når kampanjen er slutt blir det trekt 3 gåvekort til 3 personar som har klart målet på 1million skritt. To på 5000 kroner, og eitt på 2000 kroner.

Klarer vi å gå jorda rundt på 100 dagar? Vi håper at mange blir med på forsøket!

Oppsummering
- Last ned Dytt-appen frå der du vanlegvis lastar ned appar
- Opprett brukarkonto (startkode: Bygland2025)
- Registrer talet på skritt du har tatt

**OPPDATERING ETTER KUN 2 DAGAR MED DYTT-APPEN (03.02.2025):**
**Over 2 millionar skritt på 2 dagar!**
Rundt 130 personar som anten bur eller arbeider i Bygland er no på full fart mot Berlin! På to dagar har vi til saman gått over 2 000 000 skritt- noko som er utruleg imponerande!
Det er så gøy at så mange har oppretta brukar i Dytt.no og blitt med på kampanjen «Bygland går jorda rundt på 100 dagar». For å få det til er det viktig å få informasjon ut til folk. Difor vil vi gi kampanjen si første belønning til **Renate Øvergård** som har lika og delt innlegga våre og på den måten vore med og spreidd kampanjen. Tusen takk Renate- ei lita påskjønning er på veg...
Mvh Ann Cecilie Andersen
Kultur og Levekårskoordinator

dytt.no

# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

**Bygland frivilligsentral og BUA Bygland**
**Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland**
Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland
e-post: post@bygland. frivilligsentral.no. Nett:bygland.frivilligsentral.no
Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70
**Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no**



OBS!
I veke 8 er det vinterferie og mange aktivitetar er utsatt. Hør med arrangøren.

**Opne aktivitetar**

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

**Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland**

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12.00 -14.00 (10.+24.02.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (11.02: Blomkålssuppe + 25.02: Ovnsbakt Sei)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (04. + 18.02.)
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (06.+ 20.02.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15.00 - 17.00 (ikkje i veke 8)

**Aktivitetar i Byglandshallen**

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30 (OBS! ikkkje i veke 8, 20.02.)
- Teppebowls: torsdagar i **oddetallsveker (ny!)** kl. 16.30 – 18.30; (13. + 27.02.)

**Aktivitetar andre plasser**

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjons-området, Byglandsfjord (03. + 17.02.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland

# BYGLAND UNGDOMSKLUBB

**Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989**

**Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland**



- mån: 18.00 - 19.30, 5. - 7. kl. (Klubblokale på Bygland)
- mån: 18.00 - 21.00, 6. - VGS (Klubblokale på Bygland)
- tors: 18.00 - 21.00, 8. kl.-VGS (Klubblokale på Bygland)

1x/månaden: **Fredagsklubb i Årdalshallen**
kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 14.02.)

- 03.02. **Akekveld og grilling**: oppmøte kl. 18.00 ved klubben
- 10.02. **Bowling på Evje**: oppmøte kl. 18.45 ved Evje bowling. Påmelding innan 06.02.

# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL, BYGLAND KOMMUNE OG PARTNER

## PLAN FRILUFTSLIVETS ÅR 2025

Med stolthet kan me presentere denne planen for Friluftslivets år 2025!! Bygland Frivilligsentral og Bygland kommune gjeng dette året saman med gode frivillige krefter, og kan tilby eit program for heile 2025! Programmet inneheld kvar månad ein til to aktivitetar som er i friluftslivets ånd. Alle aktivitetar er gratis å deltake på. Før kvar hending, vert det annonsert med eige annonsar på sosiale media, heimeside og bygdenytt. Nokre vil krevje påmelding, og i dei tilfella vil ein kunne melde seg på denne sida: byglandfrivilligsentral.no. OBS: Me tek noko atterhald med omsyn til ver. Det kan bli endringar på dato.



# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG PARTNER

## BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL , BYGLAND KOMMUNE OG MIDT-AGDER FRILUFTSRÅD

**Glimt frå Heile Noreg båler- arrangement Byglandsfjord/Bygland**
**Bygland Frivilligsentral, Bygland kommune og Midt Agder Friluftsråd samarbeida om ein kveld der heile Bygland kommune båler. Under mottoet : "Det er alltid plass til ein til rundt bålet" samla seg rundt 120 mennesker på Byglandsfjord og på Bygland som storkoste seg i mystisk kveldsstemning rundt båla.**







**2025 er Friluftslivets år! Heile Noreg båler, 16. januar**



# BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL, BYGLAND KOMMUNE OG PARTNER

## FRILUFTSLIVETS ÅR 2025: 18. FEBRUAR - SKIDAG PÅ BROKKE

BYGLAND FRIVILLIG SENTRAL

**Neste aktivitetsdag: Gratis skidag på Brokke - tysdag 18.02. i vinterferien**



# BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

**Bygland Kyrkjelege Fellesråd**
**Sentrum 18, 4745 Bygland**
**bygland.kyrkje.no og på Facebook**



**Kontakt**

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

## GUDSTENESTER

prest: Kjell Steinbru; organist: Eirik Hodnemyr

- **sundag, 09.02. kl. 11.00: Familiegudsteneste Bygland kyrkje**
- **sundag 16.02. kl. 19.00: Gudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø**



## ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 11. og 25.02. kl. 14:00**

## KONFIRMANTUNDERVISNING

- **måndag 24.02. kl. 14.30**, Vonheim bedehus, Bygland

## SOKNERÅDSMØTE

- **måndag 03.02. kl. 19.00**, Kyrkjekontoret, Bygland

**Agenda:**

- Sak 1/25 Rekneskap Bygland kyrkjeleg fellesråd 2024 - fellesrådssak
- Sak 2/25 Årsmelding Bygland kyrkjelege fellesråd 2024 - fellesrådsak
- Sak 3/25 Årsrapport frå prostdiakonen i Øvre Otredal 2024 - fellesrådssak
- Sak 4/25 Rekneskap Bygland og Årdal sokn 2024 - soknerådssak
- Sak 5/25 Årsmelding Bygland og Årdal sokn 2024 - soknerådssak
- Sak 6/25 Gudstenesteplan for 2025 – soknerådssak
- Sak 7/25 Fasteaksjonen 2025 - soknerådssak
- Sak 8/25 Referatsaker

## KYRKJEBLADET

**Kyrkjebladet nr. 4/2024** finn du både i papirformat og digitalt på Bygland og Årdal sokn si heimesida.

*Redaktør*: Olav Nilsen tlf: 982 99711, kbnilsen@hotmail.com

*Layout/ombrekk*: Erik Dyngvold *Trykk*: Bjorvand & Co






# TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

## SØPPELTOMING - FEBRUAR 2025



- **Matavfall og restavfall:** veke 6: torsdag 06.02.
- **Papir og plast:** veke 8: tysdag 18.02.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 8: torsdag 20.02.

## GJENVINNINGSSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland**: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (12.02.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (22.02.)
- **Syrtveit, Evje**: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (08.02.)

*Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724*



SETESDAL MILJØ & GJENVINNING IKS

**Til våre abonnenter!**

For at du skal være sikker på å få hentet avfallet ditt og for å gi våre renovatører gode arbeidsforhold minner vi deg om ditt ansvar som abonnent.

- På hentedagen skal dunkene være klargjort kl. 06.00
- Veier og snuplasser skal være brøytet
- Det skal ryddes snø rundt dunkene
- Dunkene skal være rene for snø, og må ikke være fastfrosset
- Det skal være strødd der hvor renovatørene skal dra dunkene
- Maks henteavstand er 10 meter
- Private veier skal ha brøytestikker

Er ikke ovenstående ivaretatt kan du oppleve at avfallet ikke blir hentet.

**HJELP RENOVATØRENE SÅ HJELPER VI DEG ☺**

**Hilsen Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS**
www.smg-iks.no

## INFORMASJON FRÅ SMG OM HANDTERING AV KLEDE OG ANDRE TEKSTILAR

**Frå 1.1.25 kom det forbod mot å kaste klede og andre tekstilar i restavfallet. Desse må no leverast på gjenvinning-stasjonane.**

På gjenvinningstasjonane vil du finne eigne behaldarar for levering av tekstilar. Tekstilane du leverer må vere pakka i plast.



Sorter gjerne tekstilane slik:

- ting som er brukbare/
- kan bli brukt av andre
- ting som ikkje kan bli brukt på nytt

**Tekstilar som er brukbare** vil bli levert til butikkar som driv med sal av brukte klede eller til organisasjonar som brukar desse i sitt nødhjelpsarbeid.

**Tekstilar som ikkje kan brukast på nytt**, går til fibergjenvinning og produksjon av produkt som er basert på dette.

I vårt arbeid med gjenbruk og resirkulering av klede og andre tekstilar, har SMG inngått eit samarbeid med Setpro A/I AS om sortering og vidare handtering av desse.

## SNØBRØYTING OG VINTERVEDLIKEHALD AV VEGAR



Tilbakemelding om vintervedlikehald av kommunale vegar

Bygland kommune har ansvaret for godt og vel 41 km med bilvegar som skal brøytast og strøast i heile kommunen.
I tillegg har kommunen ansvaret for vintervedlikehald for nokre gang- og sykkelvegar på Bygland og Byglandsfjord, samt ulike parkeringsplassar tilknytt kommunale bygg og institusjonar, som t.d. Byglandsheimen og Bygland sentrum.
Vårt mål er å skape god framkommelegheit og trygge vintervegar for alle.
Om du har tilbakemeldingar vedk. vintervedlikehaldet, kan du fylle ut skjema på heimesida vår: /tenester/avfall-veg-vatn-og-avlop/veg/snobroyting-og-vintardrift-av-vegar/
Du kan og ringe sentralbordet på tlf. 37 93 47 00 eller sende e-post til post@bygland.kommune.no. Ved eventuelle spørsmål utanom ordinær arbeidstid, kan du kontakte teknisk vakttelefon på tlf. 970 04 745.

# YMSE

## STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR



**STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR**
**Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;**
**på FB: facebook.com/StogaAS**

- kvar fredag og sundag kl. 13:00 - 20:00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker





## BJOREN BRYGGE






**Kafé, ølhage, live musikk rett ved Byglandsfjorden!**
**Adresse:** Presteneset 12, 4745 Bygland
**Kontakt:** Nina Bygland, tlf. 932 62 168;
**på FB:** bjorenbrygge

**Meny for februar 2025 - torsdagar 14.00 -19.00**
13.02. Koteletter
20.02. Kjøtt& løksaus
27.02. Flesk & duppe

**Laurdag 1. mars, kl. 20.30**: Stein Ove's Live musikk Quiz

# YMSE



## MUSIKK

### KONG HANES EFTF.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule

### BYGLANDSFJORD BARNEKOR

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord

### BYGLAND LEIKARRING



Øving måndagar kl. 16.30 - 17.15; Bygland kulturscene

Leikarring med **Maija Lindaas frå UNESCO Setesdal**.

### BYGLAND HORNMUSIKK

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene

# KINO PÅ BYGLAND - FEBRUAR



## BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

**Kiosk: Framsteg 4H**

**ONSDAG 26. FEBRUAR**

**KL. 17.30: KAPTEIN SABELTANN OG GREVINNEN AV GRAL**

Tillatt for alle. 110 kr. Familiefilm

**KL. 19.30: BRIDGET JONES: MAD ABOUT THE BOY**

Tillatt for alle. 130 kr. Komedie




## BYGLAND FILMKLUBB




**BYGLAND FILMKLUBB SYNER: DØDEN PÅ OSLO S (1990; 12 ÅR)**

**SUNDAG 16.02. KL. 19.00, BYGLAND KULTURSCENE**

Filmen er basert på Ingvar Ambjørnsens bok Døden på Oslo S (1988). Det er den første av tre filmer med duoen Pelle og Proffen og foregår i Oslo.

# KVA SKJER I BYGLAND FEBRUAR 2025

**(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)**


Setesdal Austheia - Foto: Bygland kommune

| DATO | ARRANGØR OG STAD | TID | KVA SKJER |
|---|---|---|---|
| sundag 09.02. | Bygland kyrkje | kl. 11 | Familiegudsteneste |
| tysdag 11.02. | Byglandsheimen | kl. 14 | Andakt |
| tysdag 11.02. | Bygland frivilligsentral | kl. 16 - 17.30 | Bygdemiddag: Blomkålsuppe |
| torsdag 13.02. | Fredheim bedehus, Byglandsfjord | kl. 19 - 21 | Torsdagsklubben |
| sundag 16.02. | Sandnes kyrkje, Åraksbø | kl. 19 | Gudsteneste |
| sundag 16.02 | Bygland filmklubb, Bygland kulturscene | kl. 19 | Film: Døden på Oslo S |
| tysdag 18.02. | Bygland frivilligsentral, Brokkestøylen | heile dagen | Skidag på Brokke (sj. s.11) |
| tysdag 25.02. | Byglandsheimen | kl .14 | Andakt |
| tysdag 25.02 | Bygland frivilligsentral | kl. 16 - 17.30 | Bygdemiddag: Ovnsbakt sei |
| onsdag 26.02. | Bygdekinoen, Bygland kulturscene | kl. 17.30 | Kaptein Sabeltann og Grevinnen av Gral (alle) |
| onsdag 26.02. | Bygdekinoen, Bygland kulturscene | kl. 19.30 | Bridget Jones - Mad about the boy (alle) |



**VINTERFERIE I VEKE 8 (17. - 23.02.) GOD FERIE!**



**FAMILIEBADING OG BADSTOGA - TYSDAGAR OG FREDAGAR KL. 17-20, SYMJEHALLEN PÅ BYGLAND SKULE - GRATIS! - OBS! STENGT I VEKE 8**